

Kristine Fluge
Litlebergen 29
5918 FREKHAUG

Vår dato: 20.08.2014
Vår ref.: 201404345-3
Arkiv: 411
Dykkar dato: 18.08.2014
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane

Bekk ved Litlebergen - Erosjonssikring av tilkomstveg gnr 26, bnr. 25 - Meland kommune



Etter avtale med Kristin Fluge var NVE v/Vågane på synfaring den 15.08.14. saman med Fluge. Saka gjeld ein problematisk bekk ved Litlebergen i Meland kommune som gjev skade på tilkomstvegen til bustadhuset på gnr. 26, bnr. 25.

Norconsult AS har utarbeidd eit notat til kva som bør gjerast. Hovudkonklusjonen er at kulverten under tilkomstvegen er underdimensjonert. I dag består kulverten av eit betongrør i inntaket med d 500 mm. Ved utløpet er det plastrør.

Fig. 1. Geografisk plassering av kulverten. Kartkjelde: NVEAtlas

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Norconsult har estimert vassmengda i bekken og kome fram til kulverten vert auka til ein røyrdimensjon på d 1200 mm, at det vert plassert rist ved inntaket og at eit lite massebasseng vert etablert ved inntaket. Dette gjeld for ein 100-årsflaum og det er teke omsyn til ein klimafaktor/tryggleiksmargin på 30%.

Vi har ikkje vurdert flaumberekninga, men vil peike på følgjande detaljar:

- Rista bør vere ei overflaumsrist – sjå fig. 2. nedanfor.
- Vegen på nedsida av kulverten bør hevast noko slik at eventuelt overflatevatn vert leia inn i bekken på nedsida av vegen og ikkje renn vidare nedover vegen.
- Vi vil understreke at kulverten bør bestå av eitt rør med d 1200 mm og ikkje fleire parallelle rør lagt ved sida av kvar andre sjølv om dei samla får same areal.
- Det bør vurderast om parkeringsplassen kan flyttast bort frå bekken. Dette vil over halvere lengda på kulverten.




Fig. 1. Skisse av rist med overløp.



Fig. 2. Dagens kulvertinntak med p-plass og tilkomstvegen i bakgrunnen. Stripla line syner om lag kva veg vatnet tok.



Kommunen bør vurdere om tiltaket skal handsamast etter plan- og bygningslova eventuelt anna relevant lovverk.

Til slutt minner vi om vassressurslova § 5 som gjeld tiltakshavar sitt forvaltaransvar og plikt til aktsemd.

«§ 5.(forvalteransvar og aktsomhetsplikt)

Enhver skal opptre aktsomt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.

Vassdragstiltak skal planlegges og gjennomføres slik at de er til minst mulig skade og ulempe for allmenne og private interesser. Denne plikten gjelder så langt den kan oppfylles uten uforholdsmessig utgift eller ulempe. Vassdragsmyndigheten kan ved forskrift fastsette nærmere regler om planlegging, gjennomføring og drift av bestemte typer vassdragstiltak.

Vassdragstiltak skal fylle alle krav som med rimelighet kan stilles til sikring mot fare for mennesker, miljø eller eiendom.»

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Svein Arne Vågane
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.settes automatisk inn ved ekspedering

Vedlegg:

Kopi:

Meland kommune